

# VR - rommet for born og unge

Virtuell realitet (VR) er ein interaktiv visualiseringsmetode. VR vert presentert i hovudsak gjennom tre medium: skjerm (PC, Playstation o.l.), CAVE (projisering på tak, vegg og/eller golv) og VR-briller.

## Problemstilling

Born og ungdom sin fysiske og psykiske helse er svært viktig i eit førebyggings-, behandlings- og samfunnsmessig perspektiv. Born og unge veks opp med teknologi som eit naturleg element i sine problemløysingar, og dei kan ha stor nytte av at visuelle teknologiske hjelpemiddel som VR vert trekt inn i behandlinga.

## Mål

Etablere og utvikle VR-rommet for born og unge, der born, unge, familie og helsepersonell saman kan nytte, utvikle og tilby VR-baserte behandlingsformer innan psykisk og somatisk helsevern. VR har vist seg å ha høg smerte- og fobilindrande effekt, særleg når briller vert nytta.

## Nytte

Gjennom eit etablert VR-rom i Energisenteret vil helsetenestene for born og unge kunne ta i bruk VR-baserte behandlingsformer i sin kliniske kvardag.

## Finansiering

Tildelt kr. 500 000,- i innovasjonsmidlar frå Helse Bergen 2019.

## Samarbeidspartnarar

INTROMAT  
Helse Vest IKT  
Høgskulen på Vestlandet  
Seksjon for e-helse

## Kontakt

Lars Peder Bovim, Leder Energisenteret for barn og unge, Divisjon psykisk helsevern, Haukeland universitetssjukehus.

*e-post: [lars.peder.bovim@helse-bergen.no](mailto:lars.peder.bovim@helse-bergen.no)*

